



Eidfjord kommune

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2015-2027 Eidfjord – unik frå fjord til fjell



Kommuneplan samfunnsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2015 - 2027. Eidfjord - unik frå fjord til fjell.

Innhaldsoversikt

1 Fakta om Eidfjord kommune

1.1 Arealoversikt

1.2 Høgaste fjell

1.3 Landbruksareal

1.4 Bygdelag

1.5 Innbyggjarar

1.6 Kommunale institusjonar

1.7 Infrastruktur, kultur/idrett og kommunale vegar

1.8 Næringsliv

1.9 Attraksjonar

2 Om planen

2.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel

2.2 Planprosess

3 Satsingsområde i planperioden

4 Eidfjord i verda

5 Bukommunen Eidfjord

5.1 Tettstaden Eidfjord

5.2 Bustad og bustadtomter

5.3 Fritid

5.4 Omsorg for alle

5.5 Oppvekst, livskvalitet og kultur

6 Opplevings- og besøkskommunen

6.1 Cruisetraffikk

6.2 Natur og attraktivitet

6.3 Kultur, arrangement og aktivitet

6.4 Fritidsbustader

7 Arbeidskommunen

7.1 Syssetjing, kompetanse og næringsliv

8 Kommuneorganisasjon

1 Fakta om Eidfjord kommune

1.1 Arealoversikt

Samla areal i Eidfjord kommune utgjer 1502 km². Landareal og ferskvatn tilsvarar 1465 km². Eidfjord kommune sitt areal omfattar 575 km² innanfor Hardangervidda nasjonalpark og 312 km² innanfor Skaupsjøen-Hardangerjøkulen landskapsvernområde. Til saman er 59,4% av landarealet i kommunen verna i medhald av naturmangfaldlova (naturvernlova)

1.2 Høgaste fjell

Onen, 1621 m.o.h, er den høgaste fjelltoppen i kommunen. Den høgaste toppen på Hardangerjøkulen er 1863 m.o.h.

1.3 Landbruksareal

33575 dekar (daa) produktiv skog (AR5, 2014). Drivbar skog er avhengig av økonomi
Jordbruksareal (fulldyrka - og overflatedyrka jord pluss innmarksbeite) 3977daa (AR5, 2014)

1.4 Bygdelag

Bu, Erdal, Eidfjord, Simadal, Øvre Eidfjord, Sysendalen. Arealstorleiken i tettstaden Eidfjord utgjer 700daa. Her er busett 549 innbyggjarar.

1.5 Innbyggjarar

År 2015 folketal 957

1.6 Kommunale institusjonar

Modnen barnehage, Lægreid barne- og ungdomsskule, 27 kommunale bustadeiningar ink. omsorgsbustader

1.7 Infrastruktur, kultur/idrett og kommunale vegar

Eidfjord har 57 km kommunale vegar og 2 kyrkjer; Eidfjord kyrkje og Eidfjord gamle kyrkje i stein frå 1300- talet. Her er idrettslag med idrettshall, løpebane, gras- og grus- fotballbane, ballbinge og symjebasseng. Eitt breitt

tilbod av turstiar frå fjør til vidda. Lokalt er her bibliotek, 35 lag og organisasjonar

1.8 Næringsliv

Variert næringsliv knytt til service og reiseliv, energiproduksjon, offentleg verksemd, landbruk, byggjevare, handverkarar og detaljhandel.

1.9 Attraksjonar

Kulturbasert; Kjeåsen, Hjølmotunet, Gamlekyrkja, Fossli hotell, Galleri N. Bergslien, Hardangervidda Natursenter Eidfjord , Måbø museum, gamlevegen i Måbødalen, Sima kraftverk, gravfeltet på Hæreid, Sysendammen, Nasjonal turistveg Hardangervidda

Naturbasert; Vøringsfossen med stien inn, Valurfossen, Skytjefossen, Vedalsfossen, Hardangerjøkulen, Hjølmadalen, Måbødalen, Hardangerfjorden, Hardangervidda, Veigdalen, Måbøgaldane.

2 Om planen

2.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel

- Kommuneplanen er utarbeidd etter krava i plan - og bygningslova. Berekraftig utvikling er sentralt i lova sin føremålsparagraf. Ei berekraftig utvikling inneber å tilfredsstilla dagens behov utan at det set behova til framtidige generasjonar på spel. «Brundtlandkommisjonen» frå 1987 definerte bærekraftig utvikling som «... en utvikling som imøtekommer behovene til dagens generasjon uten å redusere mulighetene for kommende generasjoner til å dekke sine behov.»
- Kommuneplanen er kommunen sitt overordna politiske styringsdokument. Planen har eit 12-års perspektiv.
- Planlegginga skal byggja på økonomiske og andre ressursmessige føresetnadar for gjennomføring, og ikkje vera meir omfattande enn naudsynt.
- Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap, samt kommunen som organisasjon.
- Gjennom Plan- og bygningslova og Folkehelselova skal kommunen bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse, og som jamnar ut sosiale helseskilnader. Folkehelsearbeidet er sektorovergripande, og har som mål at folkehelseperspektivet skal inn i alle delar av kommunen sitt virke.
- Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ta ansvar for samfunnstryggleik og beredskap og skal innehalda følgjande:
 - ein oppdatert overordna ROS- analyse som til ei kvar tid gjev oss oversyn over risikofaktorane i eidfjordsamfunnet
 - oppdatert plan for samfunnstryggleik og beredskap, som byggjer på dei risikofaktorane som den overordna ROS- analysen peikar på.
- plan for samfunnstryggleik og beredskap er forankra i alle delar av organisasjonen.
- til ei kvar tid ha fokus på å forhindre at ulukke skjer ved at det vert sett i verk risikoreduserande tiltak, og samstundes vera budd på krisesituasjonar.
- Plan- og bygningslova kap. 11 § 11-1: Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ha ein handlingsdel som kan inngå i kommunen sin økonomiplan . Handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel vil derfor verta innarbeidd i økonomiplanen i samsvar med Kommuneleova § 44.

2.2 Planprosess

- Utfordringar og arbeidsmetode vart fastsett gjennom planstrategi og planprogram.
- Det har vore gjennomført breie medverknadsprosessar i fleire omgangar. Fyrst med sosiokulturell stadanalyse der temagrupper, fokusgrupper, bygdemøte og skule har vore involverte. Seinare gjennom prosess med politikarar, administrasjon og nye bygdemøte, samt samarbeid med fagpersonar i einskildtema.

3 Satsingsområde i planperioden

Eidfjord kommune har tre hovudsatsingsområde i kommuneplanen for 2015-2025:

- Bukommunen Eidfjord
- Opplevings- og besøkskommunen
- Arbeidskommunen

Bukommunen Eidfjord

Dei tre satsingsområda er valde fordi dei inneheld alle sider ved eit livskraftig lokalsamfunn. Me vil at innbyggjarane våre skal oppleve livskvalitet, og at Eidfjord skal vera ein trygg stad å veksa opp. Me ønskjer ein god bukommune for både gamle og nye innbyggjarar der ein kan leva aktive liv, nytta og medverka til kulturelt mangfald og der kvar enkelt er integrert i eit sosialt fellesskap.

Opplevings- og besøkskommunen

Opplevings- og besøkskommunen legg til rette for å nytta godt av den storslagne naturen og alt det han har å by på både for vitjande og innbyggjarane

Arbeidskommunen

Det er viktig å kunna ha eit trygt økonomisk tilvære for alle. Det får me når me veit at det er arbeidsplassar, anten i lokalsamfunnet eller i regionen. Ved å stimulera eksisterande næringsliv og leggja til rette for at nye bedrifter kan etablera seg, legg det grunnlag for å skapa arbeidsplassar. Det er med på sikra trygg økonomiske tilhøve for innbyggjarane.

4 Eidfjord i verda

Eidfjord er ein del av ein regional, nasjonal og global samanheng. Det globale biletet er prega av konflikt, naturkatastrofar, folkevekst, forureining og ikkje minst den fattige delen av verda, der det å handtera sjukdom, nok reint drikkevatt og mat er globale utfordringar.

Nasjonalt lever Noreg i ei velstandsboble som aldri før i historia. Dette er kanskje fordi me har store naturressursar som olje og gass, vatn og fiske som gjer oss rike.

Inst i ein fjord på Vestlandet ligg Eidfjord, med kort veg til både aust og vest. Det er Eidfjord og vår framtid som skal fram i ljuset i denne planen i det regionale, nasjonale og globale biletet.

Vår regionale rolle som ein liten kommune bør vera prega av samarbeid med andre kommunar og fylke.

Tida er komen for å vera medviten om kven me er, kva som er viktig for oss og kvar me skal gå. Det er viktig å vita kva me vil ha fokus på, slik at verdiane er godt forankra hjå oss sjølve når me møter regionale, nasjonale og globale utfordringar.

5 Bukommunen Eidfjord

5.1 Tettstaden Eidfjord

Eidfjord har hatt fokus på stadutvikling sidan slutten av 1990 – talet, og mykje godt arbeid har vore gjort. Me fekk miljøgate, cruisekai, Quality Hotel & Resort Vøringsfoss, idrettshall og opprusting av Samfunnshuset. Det er viktig å halda fram med å ha fokus på utvikling av sentrum som arena for innbyggjarane, vitjande, gjennomreisande og turistar.

Med Hardangerbru og utbygging av ikonpunktet ved Vøringsfoss, er det forventa auka trafikk gjennom Eidfjord sentrum. Statens vegvesen har teljingar på årsdøgntrafikken (ÅDT) og for 2014 var ÅDT 1450. For å få fleire til å stoppa og opphalda seg, og for at innbyggjarane skal ha ein grunn til å bruka sentrum meir, er det viktig å setja søkelyset på å auka antal bustader og forretningar i sentrum.

Det vil vidare vera viktig med estetisk utforming av offentleg rom, som òg gjev gode opphaldsrom samt god balanse mellom parkeringsplassar og mjuke trafikkantar. Eit levande sentrum tiltrekkjer folk. Folk skaper liv, og liv skaper trivnad. Det som er bra for dei tilreisande er òg bra for dei fastbuande.

Omdømmebygging kan ikkje berre byggjast med store reklameplakatar og flotte bilete. Det er me som innbyggjarar, og korleis me snakkar om kvarandre, om bygda vår og kva me fortel utanbygdsfolk, at me legg grunnlaget for det gode omdømet. Eit triveleg, positivt og humørfyllt samfunn gjer oss attraktive for tilflyttarar, næringsliv og turistar. Det vil òg skapa bulyst og stoltheit for bygda vår.

Mål:

Me skal

- ha eit attraktivt og fortetta sentrum med leilegheiter og forretningar
- skapa eit triveleg, levande og pulserande sentrum med møte- og fleirbruksplass med rom for aktivitetar knytt mot barn og unge
- ha fokus på eit godt omdøme
- gode løysingar for parkering i sentrum og syta for gangavstand til «det meste»

Strategi:

Me får eit attraktivt og fortetta sentrum med leilegheiter og forretningar ved å

- setja av areal i sentrum for å kombinera leilegheiter og forretningar
- bruk av Bustadpolitisk handlingsplan som informasjonskjelde for regulering av leilegheiter og forretningar i sentrum
- leggja til rette for kommersielle møteplassar som er lønsame og opne heile året
- la kunst vera eit verkemiddel for utvikling av sentrum og for auka stoppeffekt
- unngå at eksisterande bygg i sentrum står tomme og ubrukte
- ta vare på eldre bygningar for å visa fram det historiske Eidfjord
- laga ein heilskapleg, estetisk plan for møblering av offentleg rom

Me skapar eit god omdømme, levande og pulserande sentrum med gode møte- og fleirbruksplassar ved å

- setja av areal for møte- og fleirbruksplassar som er godt synlege frå veggen
- gjera strandsona tilgjengeleg og attraktiv for ålmenta
- leggja til rette for marina med servicesenter
- arbeida kontinuerleg med å byggja eit godt omdømme for bygda

Me finn gode løysingar på parkeringsplassar og gangavstand til det «meste» ved å

- samordna parkeringsplassar i sentrum
- gje gode høve for mjuke trafikkantar
- syta for fortau til og i sentrum
- syta for gang og sykkelsti frå bustadområde til sentrum og til offentlege institusjonar

5.2 Bustad og bustadtomter

Eidfjord kommune har gjennom fleire år hatt fokus på å auka bustadmassen i Eidfjord. Gjennom ulike stimuleringsmiddel har ein søkt å få private til å byggja nye bustader, både på kommunal og privat grunn. Sidan 2008 har kommunen hatt gode tilskotsordningar og rentefritt lån til oppgradering av bustader til private. I tillegg kjem kommunale bustadlån, tilskot til bygging av heilårsbustader og Husbanken sine ordningar. Det er òg trong for «prøvebustader» som midlertidig bustad før ein bestemmer seg for å byggja hus.

Mål:

Me skal arbeida for

- å auka bustadmassen i Eidfjord
- å få folk i tomme hus
- variert bustadmasse

Strategi:

Me får auka bustadmassen i Eidfjord ved å

- nytta Bustadpolitisk handlingsplan som informasjonskjelde i regulering av bustadmasse
- setja av areal til attraktive tomter (sol/utsikt)
- stimulera til bustadbygging gjennom gode, kommunale tilskotsordningar
- setja av areal i sentrum for leilegheiter/forretning for sal og utleige
- vera ein aktiv kommune / aktør i kommunal bustadbygging

Me får folk i tomme hus ved å

- halda fram med å kartleggja eigarar av "tomme" hus og oppmuntra til sal/utleige
- stimulera utleige gjennom gode kommunale tilskotsordningar
- informera om ulike støtteordningar for omgjering av gardshus til bustad

Me får variert bustadmasse ved å

- setja av areal i sentrum for leilegheitsbygg
- regulera attraktive tomteareal som har mykje sollys og utsikt
- ha ulik storleik og universal utforming
- leggja til rette for variert bustadmasse i arealplanar

5.3 Fritid

Eidfjord har eit rikt kulturliv med stort frivillig engasjement og eit mangfald av lag og organisasjonar. Dei spelar ei stor rolle i både kvardagsaktivitetar og i samband med store arrangement. Utan den frivillige innsatsen, ville Eidfjord vore ei fattigare bygd på opplevingar, attraktivitet og trivnad. Å ta vare på eldsjeler og dugnadskrefter betyr mykje for at kommunen skal vera ei levande bygd som viser at her får me noko til, her vil me bu og leva det gode liv.

Mål:

Me skal

- leggja til rette for friluftsliv
- ha fleire tiltak som fremjar fysisk aktivitet
- ha eit mangfald av aktivitetstilbod til alle aldersgrupper

Strategi:

Me legg til rette for at Hardangervidda skal vera ein arena for friluftsliv ved å

- ha ei berekraftig fiskeforvaltning
- marknadsføra Hardangervidda som arena for ulike aktivitetar knytt til fiske, jakt og ski- opplevingar, både for kvardagen og feriar
- satsa på jakt – og «fiskefadder» til ungdom og tilflyttarar
- auka reinsdyrstamma innanfor berekraftige råmer

Me får fleire og auka mangfald av aktivitetar som fremjar fysisk aktivitet ved å

- samarbeida med andre kommunar om å realisera ein motorcrossbane
- samarbeida med andre kommunar om løyper og areal til snøscooterkøyring
- vera medspelarar for lag, organisasjonar og eldsjeler som tar initiativ til aktivitetar retta mot ålmenta
- tilretteleggja for gang- og sykkelveg frå Stavaner – Eidfjord sentrum – Øvre Eidfjord
- samarbeida med lag og organisasjonar om eit mangfald av kultur- og aktivitetstilbod
- leggja til rette for ski -og lysløype

5.4 Omsorg for alle

Pleie- og omsorgstenesta omhandlar helseteneste for alle aldersgrupper. I åra som kjem er det viktig å vidareføra prinsippet om at alle skal ha høve til å bu i eigen heim så lenge som mogeleg.

Det vil vidare vera viktig å driva godt førebyggjande folkehelsearbeid for at fleire eldre i høg alder vi kunna bu heime og klara seg sjølv.

Det vil vidare vera viktig i framhaldet med tilrettelegging av bustader og tenester som kan gje eit betre bu- og servicetilbod og som gjer at ein kan bu «heime» lengre. Det er forventa auke i levealder, tal demente, diabetes, kols, tal kreftsjuke og tal menneske med psykiske lidingar. Det vil såleis vera ei sentral oppgåve å arbeida for å gje eit verdig tilbod til menneske med rus og psykiske lidingar. Det vert fleire tenestemottakarar med ein komplisert og samansett tenestetrong. Tenestespekteret vert derfor vidt.

Folkehelse er folket sin helsetilstand og korleis helsa fordeler seg i befolkninga. God helse hos innbyggjarane medfører mindre trykk på kommunen si tenesteyting innanfor området. Forskning viser at aktivitet gjennom ulike former for rørsle og mosjon reduserer og utset sjukdommar.

Mål:

Me skal:

- vidareføra prinsippet med best effektive omsorgsnivå- BEON - prinsippet
- ha naudsynt kompetanse innanfor helse og omsorg
- ha eit godt tenestetilbod til mottakarar med komplisert og samansett tenestetrong
- ha aktive innbyggjarar som har fokus på eiga helse

Strategi:

Me vidarefører prinsippet med best effektive omsorgsnivå ved å

- ha kvalifisert personale
- ha gode lokalitetar for å driva teneste
- leggja til rette i heimen
- ta vare på si eiga helse slik at me ikkje vert råka av livstilssjukdommar
- ta i bruk velferdsteknologi
- ha kulturtilbod som gjev auka livskvalitet og stimulerer alle sansar

Me får naudsynt kompetanse innanfor helse og omsorg ved å

- vidareføra gode ordningar for utdanning og vidareutdanning
- ha fokus på godt arbeidsmiljø
- satsa på kompetanseheving hos personell som arbeider i Eidfjord kommune

Me får godt tenestetilbod til mottakarar med komplisert og samansett tenestetrong ved å

- ha personale med naudsynt kompetanse
- ha personale med relevant vidareutdanning

Me får aktive innbyggjarar som har fokus på eiga helse ved å

- arrangera kurs i ernæring for barn, unge og eldre

- inngå partnerskap med lag og organisasjonar som set søkjeljoset på fysiske og psykososiale utfordringar
- gje kompetanseheving hos tilsette i kommunen innanfor ernæring og fysisk aktivitet
- samhandla tverrsektorielt ved planlegging og gjennomføring av handlingsplanen for folkehelse

5.5 Oppvekst, livskvalitet og kultur

Innbyggjarar som trivst og realiserer det gode liv i Eidfjord vert stolte over staden og kommunen dei kjem frå. Dei bidreg til å skapa livskraftige samfunn og er dei beste ambassadørar for bygda vår. Opplevinga av livskvalitet vert styrkja gjennom å gjera livet forståeleg, meningsfylt og lett å handtera. Særleg for barn og unge er dette viktige momentet for å kunna trivast og blomstra i Eidfjord.

«Det skal ei heil bygd til for å kunne oppdra eit barn». Dette sitatet er henta frå Nordlandsforskning (rap.nr 3/2003)

Det fortel at me alle er medansvarlege for at born og unge får ein god oppvekst. Eidfjord har mange gode føresetnadar for å leggja til rette for dette. Ein god utbygd barnehage og skule med SFO, gratis kulturskule og varm mat på skulen, er viktige bidrag for å gje ein god oppvekst til den oppveksande generasjonen. Eidfjord ser verdien av å oppretthalda og styrkja dei gode tenestetilboda som i dag gjev gode oppvekstvilkår.

Kulturlova gjev kommunane ansvar for å tilretteleggja kulturtilbod for alle. Forskning viser ein klår samanheng mellom kulturdeltaking og helse. Det er viktig å ha profesjonelle kunstnarar og kulturutøvarar i nærmiljøet for kompetanseheving og motivasjon for amatørar, born og unge. Kultur er nøkkelen til det gode møtet mellom generasjonar og menneske med ulik kulturell bakgrunn, og som grunnlag for forståing og nyskaping. Kunst- og kulturarenaer er naudsynt for å gje innbyggjarane høve til deltaking i lokalsamfunnet.

Eidfjord har kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap av nasjonal verdi. Derfor har me eit særst viktig oppdrag å forvalta desse verdiane og skattane til framtidige generasjonar.

Mål:

Me skal

- ha gode oppvekstvilkår for born og unge i Eidfjord
- ha trygge oppvekst og bumiljø
- ha eit godt skule- og barnehagetilbod
- syta for at kunst, idrett og kultur har ein viktig rolle i det offentlege. Alle skal ha høve til kulturopplevingar og aktiv deltaking i kulturlivet
- ta vare på natur,- kulturlandskap og kulturminne gjennom plan og formidling

Strategi:

Me får gode oppvekstvilkår for barn og unge ved å

- sørgja for at dei eksisterande offentlege tilboda som fremjar trivsel, fellesskapskjensle og framtidig bulyst, vert oppretthaldne og forsterka
- ha tett samarbeid med lag og organisasjonar som tek initiativ til aktivitetar knytt til born og unge
- leggja til rette for aktiv fritid

- gjennomføra Ruspolitisk handlingsplan og rullera den fortløpande

Me får trygt oppvekst- og bumiljø ved å

- ha gang og sykkelsti i alle buområde som gjer til at barn og unge kan ha trygg tilkomst til heim, skule, barnehage, Samfunnshuset, idrettshallen og leikeplassar
- gjennomføra ROS-analyse for buområde i heile kommunen
- nytta ROS-analysar som styringsverktøy ved etablering av nye byggjeområde.a

Me får ein god skule og barnehage ved å

- fremja eit godt miljø, innhald og kvalitet, òg på bygg
- vektleggja eit godt samarbeid mellom heim og skule/barnehage
- utvikla og vidareføra eit godt kulturskuletilbod for alle som ønskjer det
- satsa aktivt på at barnehage, skule og SFO har fokus på aktivitetar, både fysisk - og ernæringsmessig, som fremjar barn og unge si helse i kvardagen
- driva haldningskapande arbeid om ernæring og fysisk aktivitet knytt til barn og unge

Me får kulturopplevingar og aktiv deltaking i kulturlivet ved å

- arbeida for eit mangfald av idretts- og kulturtilbod- topp og breidde
- vidareutvikla formidlinga av profesjonell kultur og kunst i skule og barnehage og til eldre (Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken)
- utvikla inkluderande møteplassar for alle aldersgrupper og nivå
- driva førebyggjande og helsefremjande idretts- og kulturarbeid
- leggja til rette for profesjonelle utøvarar innanfor alle kulturområde
- vidareutvikla bibliotektilbodet i trå med lov om folkebibliotek
- ha tilskotsordningar som er robuste nok til at Eidfjord kommune kan hjelpa fram lokale initiativ og hjelpa lokale arrangørar med tilskot og underskotsgarantiar
- ha ei aktiv rolle med å formidla eksterne tilskotsordningar
- medverka til at lokale arrangørar kan utvikla store idretts-, kulturarrangement og festivalar
- samarbeida med frivillige lag og organisasjonar på kulturområdet

Me tar vare på natur, kulturlandskap og kulturminne ved å

- skapa lokalt engasjement og kunnskap om trongen for overordna planar for korleis me skal på best mogleg måte ivareta natur-kulturlandskap og kulturminne
- laga detaljerte handlingsplanar som er knytte til økonomiplan

6 Opplevings- og besøkskommunen

Eidfjord kommune har status som «typisk turiststad», og mange i bygda har sitt yrke knytt til reiseliv. Det er mange element som høyrer til eit heilskapleg reiselivsprodukt. Dermed er det mange aktørar med ulike rollar og oppgåver i reisemålet. Samarbeid og samhandling mellom aktørane er viktig for å lukkast. Eidfjord kommune er ein premissleverandør på areal, ulike planar og andre offentlege virkeområde som skilting, merkinga av stiar, parkeringsplassar, rasteplassar, badeplassar o.l.

Ein visjon skal utgjera eit mentalt bilete av framtidige ønskje om samfunnsstoda lokalt. Den er meint å gje aktørane i reisemålet fokus og retta energien mot eit felles mål, altså skildra draumen om framtida til reisemålet Eidfjord: Eidfjord er eit pulserande reisemål heile året.

Mål

Me skal:

- Eidfjord skal vera så attraktiv at det kjem fleire besøkjande til Eidfjord. Det skal føra til større reiselivsomsetning, betre kapasitetsutnytting og næringsvekst.

Strategi:

Me skal få større reiselivsomsetning, betre kapasitetsutnytting og næringsvekst ved å

- ha nye målgrupper for reisemålet knytt til skuldresesongane t. d lag og org.
- auka synergieffekten knytt til eksisterande arrangement hos næringslivet
- auka andel kurs -og konferansegjester
- auka antal hytter i Sysendalen innanfor berekraftige råmer
- forlengja gjennomsnittleg opphaldstid i Eidfjord
- auka losjiiinntekt
- ha ei bærekraftig auke i antal cruiseanløp

6.1 Cruisetraffikk

Cruiseundersøkinga for Eidfjord, gjennomført av GP Wild i 2014, viser at Eidfjord som cruisedestinasjon svarte til, eller oversteig forventningane hjå cruisegjestene. Høfleige hamne- og informasjonstilsette samt venlege og smilande innbyggjarar, var det som kom fram som særleg positiv oppleving for gjestene. Cruisedestinasjonen har eit godt omdøme som gjer at dei fleste av cruisegjestene vil anbefala Eidfjord for vener og familie.

Mål:

Me skal:

- vera den beste cruisedestinasjonen i Noreg

Strategi:

Me vert den beste cruisedestinasjonen i Noreg ved å

- ha ein attraktiv destinasjon som byr på særleine opplevingar knytt til kultur og lokal tradisjon
- utvida tilbod om opplevingar i fjorden, dalane og fjellet til cruisepassasjerane
- syta for at cruisetrafikken er bærekraftig
- ha gang og sykkelveg frå Stavaner – Eidfjord- Øvre Eidfjord – gamlevegen i Måbødalen -Sysendalen
- skapa eit attraktivt sentrum med liv og røre knytt til aktivitetar for innbyggjarar og vitjande
- skapa eit attraktivt og fortetta sentrum med eit variert forretningstilbod
- stimulera til etablering av transporttilbod til gjester

6.2 Natur og attraktivitet

Besøksattraktivitet handlar om alle former for besøksnæringar. Felles for desse næringane er at dei krev at kunden må møte opp personleg på staden.

Det handlar med andre ord om staden si evne til å tiltrekke seg «import» av kjøpekraft. Dette gjeld sysselsetjing i verksemdar som butikkar, overnatting, servering, kultur og aktivitet generelt.

-Ref. Telemarkforskning 2014-

Mål:

Me skal

- vera den mest besøkte naturattraksjonen i Noreg
- auka antal arbeidsplassar knytt til aktivitetar i naturen
- marknadsføra det særleine i naturen og ha fokus på aktivitetar som er berekraftige
- ha eit levande og innhaldsrikt sentrum som gjev gode opplevingar for vitjande og innbyggjarar flest

Strategi:

Me vert den mest besøkte naturattraksjonen i Noreg ved å

- leggja til rette for aktivitetar knytt til turistvegprosjektet
- auka marknadsføringa av naturattraksjonane både nasjonalt og internasjonalt
- samarbeida på tvers av sektorar for å utvikla gode reiselivsprodukt
- ha eit reint miljø
- ha innbyggjarar som er stolt av naturen i bygda og tek vare på den

Me får auka tal på arbeidsplassar knytt til aktivitetar i naturen ved å

- laga planar som tek omsyn til auka aktivitet
- aktivt samarbeida med regionale og statlege mynde knytt til løyve
- aktivt samarbeida med grunneigarar
- aktivt samarbeida med næringslivet

Me får marknadsført det særleine med naturen, og har fokus på aktivitetar som er berekraftig ved å

- ha ein god forvaltning av Hardangervidda

- leggja vekt på det store mangfaldet og synleggjera dette
- gjera omgjevnadene merksam på den korte avstanden frå fjord til fjell

Me får eit levende og innhaldsrikt sentrum som gjev gode opplevingar for besøkande og innbyggjarar ved å

- tilretteleggja for formålstenelege parkeringsplassar
- ha areal til disposisjon for aktivitet spesielt retta mot barn/unge
- ha areal til disposisjon som legg til rette for rekreasjon/møteplassar
- ha eit reint og ryddig sentrum

6.3 Kultur, arrangement og aktivitet

Kultur- og opplevingssektoren vert i aukande grad sett på som viktig for å skapa attraktive lokalsamfunn. Tre av fire kommunar har ein eller fleire festivalar og spel i Noreg. Frå kommunen sin ståstad kan kulturelle arrangement og aktivitetar, i tillegg til å ha ein eigen verdi, òg skapa økonomiske, sosiale og kulturelle verdiar.

Rolla som vertskap kan sjåast på som ein del av kommunen si nye rolle som samfunnsutviklar, som mellom anna inneber å skapa ein attraktiv vitjings-, opplevings- og bustadkommune. I tillegg er det viktig for kommunen å finna dei særtrekk og kvalitetar som ein ønskjer å tilby gjester og vitjande i framtida.

Hardangervidda nasjonalpark har i generasjonar vore viktig for eidfjordingen. Historisk sett har tilgangen til Hardangervidda og ressursane vore det viktigaste grunnlaget for busetjinga i kommunen. I dag er det eit rekreasjonsområde som òg gjev høve til matauk. Det er eit ynskje at òg vitjande og gjester skal få større høve til å delta i opplevingar som naturen på vidda gjev. Me vil i åra framover arbeida aktivt for å utvida opplevingstilbodet for dette eldoradoet av eit område for friluftsliv, jakt og fiske. Hardangervidda er òg ein naturleg arena for sportsarrangement både for små og ekstreme i verdensklasse.

Mål:

Me skal:

- vera ein internasjonal arena for ulike arrangement som spelar på mangfald gjennom heile året
- prioritera kompetanseheving innan naturbasert reiseliv, vertskapsrolla og stadformidling som grunnlag for produktutvikling, bl.a. guida turar
- arbeida med omdømmebygging og marknadsføring av unike jakt- og fisketilbod i fjellet

Strategi:

Me vert ein internasjonal arena for ulike arrangement som spelar på mangfald gjennom heile året ved å

- leggja til rette for arrangement
- invitera hyttefolk til å delta på gjennomføring av arrangement
- støtta oppunder og rettleia eldsjeler og utviklingsaktørar som tek initiativ og rettleia dei i offentleg system
- vera pådrivar for auka samarbeid, samhandling og samordning mellom ulike aktørar innanfor arrangementa

Me får eit heilårstilbod innan servering og overnatting ved å

- vurdere risikokapital i utviklingsfasen
- oppmuntra til samarbeid mellom næringane
- oppmuntra til nye nisje opplevingar som helseturisme
- leggja til rette for bruk av idrettshallen og kulturbygga for eksterne aktørar
- oppmuntra næringa til å laga unike pakketilbod

Me arbeider for auka omdømmebygging og marknadsføring av unik jakt og fiske i fjellet ved å

- marknadsføra bygda i nasjonale aviser og på internett
- spela på at jakt og fiske er ein aukande trend i tida
- snakka vel om Eidfjord og våre attraksjonar
- nytta eksisterande arrangement som arena for rekruttering

6.4 Fritidsbustader

Tidlegare såg me hytta som ein stad der me kunne finna rekreasjon. Mykje har endra seg dei siste 20 åra. Hytta er blitt til fritidsbustad der bruk, utforming, standard og økonomiske effektar både for eigaren og eigendommens vertskapssamfunn har endra seg dramatisk. Med breiband, smarttelefon og lesebrett eller pc på hytta, er fritidsbustaden blitt «den andre heimen».

Lokale perspektiv på bruk av «den andre heimen» kan ikkje berre fokusera på utfordringa for natur og landskap. Like mykje må me vera medvitne om at stor auke i talet på gjester på fjellet, kan medføra endring av lokalsamfunnet sin kultur og sosiale tilhøve. I tillegg er det interessant å sjå på dei nærings- og sysselsettingspotensiala som ligg i auke i antal hytter og gjester.

Mål:

Me skal

- ha ei berekraftig auke av antal nye hytter i Sysendalen
- leggja til rette for at hyttefolk vert ein del av innbyggjarane i Eidfjord
- forsterka og viderutvikla skitrekk, løypekøyning og turstiar i Sysendalen
- informera om jakt, fiske og frilufttilbod

Me får auka antal nye hytter i Sysendalen ved å

- ha tilstrekkeleg kapasitet til å sakshandsama arealplanar
- sørgja for at det er godt servicetilbod til hytteeigarar
- leggja til rette for infrastruktur i eksisterande og nye hyttefelt
- ha fokus på varme senger
- vurdere utbyggingsavtalar

Me legg til rette for at hyttefolket vert ein del av innbyggjarane ved å

- invitara dei til lokale arrangement

- invitera hyttefolket inn i ulike styre, lag og organisasjonar
- ha gode informasjonskanalar til hyggeigarar om aktivitetar som skjer i bygda

Me forsterkar og vidareutviklar skisentertilbodet og løypekøyning ved å

- ha eit fungerande system som syte for at løypekøyning, skitrekk og turstiar vert vidareførte og utvikla knytt til auka aktivitet i Sysendalen
- ha godt samarbeid med Sysendalen hyttevelforbund og Sysendalen grunneigarlag som kan formidle informasjon ut til hytteigarar

7 Arbeidskommunen

7.1 Sysseletjing, kompetanse og næringsliv

Dei fleste i Eidfjord har sitt yrke knytt til offentleg sektor, samt i reiselivsnæringa, småverksindustri, jordbruk og vasskraftproduksjon. Det er viktig å skapa nye arbeidsplassar. I tillegg lyt me styrka og vidareutvikla etablert næringsliv knytt til marknadsutvikling, samt gje grobotn for utvikling og stimulera gründermiljøet. Kommunen si rolle i næringsutvikling er å vera etablerarvegjeiar, tilretteleggja for forretningareal og næringsareal.

Mål

Me skal

- vera ein aktiv vertskommune for næringslivet
- syta for at det vert enklare å etablere nye arbeidsplassar
- arbeida for at det vert etablert nye arbeidsplassar innan reiselivsnæringa, direkte og indirekte
- støtta næringslivet i deira arbeid med kvalitets- og kompetanseutvikling
- arbeida for at det vert offentlege arbeidsplassar i kommunen
- ha eit livskraftig landbruk som produserer mat og held kulturlandskapet i hevd
- styrka samarbeid og samhandling mellom kommunen og næringslivet og mellom dei ulike næringslivsaktørane

Strategi:

Me skal verta ein aktiv vertskommune for næringslivet ved å

- ha rask og effektiv sakshandsaming
- ha oppdaterte retningslinjer for næringsstøtte
- satsa på god infrastruktur til/frå kommunen ved t.d. å arbeida med realisering av Hardangerviddatunnelen
- marknadsføra Eidfjord som arbeidskommune gjennom tilgjengelege kanalar

Me gjer det lettare å etablere nye arbeidsplassar ved å

- støtta opp om etablerarar ved t.d. rettleiing og søknadshjelp
- arbeida for ein "node" i Eidfjord av ein større næringshage
- ha ein arealplan med næringsareal
- arbeida for at det finst ledige næringslokale i offentleg eller privat eige.
- medverka til regionale næringsssatsingar som gjev arbeidsplassar for innbyggjarar i fleire kommunar
- styrkja samarbeid og samhandling mellom kommunen og næringslivet, og mellom dei ulike næringsaktørane

Me får etablert nye arbeidsplassar innanfor reiselivsnæringa, direkte og indirekte ved å

- stimulera til satsing for nye målgrupper i reiselivet knytt til skuldersongen
- stimulera til å betre utnytta synergieffekten av eksisterande store arrangement

Me støttar næringslivet i deira arbeid med kvalitets- og kompetanseutvikling ved å

- informera om moglegheitene som finst ved bruk av studiesenteret
- informera om nettverk der ein kan utveksla kunnskap og erfaringar
- gje økonomisk støtte til Næringslaget slik at dei kan arrangera kurs og konferansar for bedrifter i Eidfjord

Me arbeider med å oppretthalda offentlege arbeidsplassar i kommunen ved å

- ha solide offentlege tenester
- arbeida i ulike fora for å få etablert offentlege arbeidsplassar i Eidfjord
- ha høg kompetanse innanfor dei ulike fagområda
- arbeida aktivt i interkommunale fora slik at fagavdelingar vert lagt til Eidfjord

Me får eit livskraftig landbruk som produserer mat og held kulturlandskapet i hevd ved å

- arbeida for å auka kunnskapen om og forståing for kor viktig landbruket er for å oppretthalda kulturlandskap, kulturmiljø, steingardar, gamle frukthagar, bygningar, vatningsveiter m.m
- informera landbruksentreprenørar om ulike tiltaksordningar knytt til alternativt landbruk og attåttnæringar
- stimulera til produksjon og sal av lokal mat
- stimulera til nye tiltak innafor landbruket

Me får styrka samarbeid og samhandling mellom kommunen og næringslivet, og mellom dei ulike næringslivsaktørane ved å

- ha jamlege møte med næringslaget
- vidareføra og styrkja samarbeidsforum i Eidfjord
- ha heilskapleg marknadsføring av Eidfjord- med felles layout for reiselivet og andre næringsaktørar/forretningsaktørar
- arbeida for at me har felles overordna mål og kva retning utviklinga skal gå
- auka kunnskapen og forståinga av at me vert sterkare gjennom samarbeid

8 Kommuneorganisasjon

For å oppnå best mogeleg straumlinja tenesteyting til beste for innbyggjarane, er det naudsynt å tenkja samhandling. Dette må skje på alle nivå i organisasjonen, mellom ulike nivå og etatar, mellom kommunen og innbyggjarane, samt i høve til eksterne medspelarar. Det skal vera god kvalitet på tenestene våre, og kvar enkelt skal få dei tenestene som dei har krav på . Gjennom samhandling og samarbeid ønskjer me å vidareutvikla og styrkja det viktige utviklingsarbeidet som frivillig sektor gjer for Eidfjordsamfunnet.

Mål:

- ha eit god samarbeid mellom politikarar og administrasjon
- vera ein attraktiv arbeidsplass
- vera ein nytenkjande og lærande organisasjon
- yta god service
- samarbeida med andre kommunar for å løysa noverande og framtidige utfordringar
- ha eit godt samarbeid med offentlege instansar
- involvera innbyggjarane i utviklinga av Eidfjordsamfunnet
- styrkja samarbeidet med frivillig sektor

Strategi:

Me får eit godt samarbeid mellom politikarar og administrasjon ved å

- ha ein klår rollefordeling og arbeidsdeling mellom politisk og administrativt nivå
- ha gode rapporteringsrutinar og styringsverktøy
- vera gode ambassadørar for Eidfjord kommune som organisasjon og tenesteproducent

Me vert ein attraktiv arbeidsplass ved å

- ha god personalpolitikk som speglar kommunen si verdiplattform; likeverd, tillit, respekt, ærlegdom, lojalitet
- satsa aktivt på kompetanseutvikling og la medarbeidarane ta del i utviklinga av tenestene
- arbeida aktivt for å få ned sjukefråværet
- ha fleksible og gode arbeidsordningar

Me får ein nytenkjande og lærande organisasjon ved å

- gje tid og rom for kreativitet, utprøving og fleksibilitet
- fokusera på det me får til, og læra av det
- satsa på utviklingsarbeid og kompetanseheving, gjerne i samarbeid med KS og andre kommunar og aktørar

Me yt god service ved

- at alle tilsette i Eidfjord kommune har ansvar for god service til innbyggjarane og andre
- å gje raske svar
- verta ein «e-kommune» med ei god heimeside, der alle kan finna informasjon og få utført tenester digitalt

- ha offentleg informasjon tilgjengeleg på fleire språk
- nytta sosiale medium i dialog med innbyggjarane
- ha moderne , integrerte IKT-verktøy i alle tenesteområde der dette er tenleg

Me får eit godt samarbeid med andre kommunar for å løysa noverande og framtidige utfordringar ved å

- vera ein aktiv aktør i Hardangerrådet
- vera aktiv for å få til interkommunalt samarbeid på område der dette kan styrkja tenestene og let seg gjennomføra praktisk

Me får eit god samarbeid med offentlege instansar ved å

- ha ein aktiv dialog med aktuelle statlege og fylkeskommunale instansar, både politisk og administrativt
- ha eit god samarbeid med Statens Vegvesen for å sikra framtidig utbetring av vegnettet
- halda fram samarbeidet med politi- og lensmannstenesta om eit- «i vid tyding»- trygt Eidfjordsamfunn

Me involverer innbyggjarane i utviklinga av Eidfjordsamfunnet ved å

- gjennomføra prosessar for medverknad i planarbeid
- nytta sosiale medium i dialogen med innbyggjarane
- nytta heimesida aktivt
- engasjera lokalmiljø, og særleg barn og unge, i viktige politiske prosessar og saker

Me får styrka samarbeidet med frivillig sektor ved å

- aktivt kommunisera med aktørar innan frivillig sektor
- kunna bidra økonomisk til aktivitet i frivillig sektor
- ha ein aktiv rolle med å formidla eksterne tilskotsordningar
- oppmuntra og ta vare på eldsjeler
- vera lyttande, merksam og hjelpsam når aktørar frå frivillig sektor ønskjer å iverksetja aktivitetar